



## Veke 25: Sommerbrev for 2B

Kjære alle føresette i 2B!

Enda eit skuleår nærmar seg slutten. Tiden flyr! Det har vore utroleg kjekt å få bli kjend med elevane i 2B. For ein fin gjeng dei er! Eg set også utrolig pris på samarbeidet med de foreldre. Det var kjekt å treffe dykk på Open dag. Endeleg fekk vi vist kor flinke danse- og syngborn som går i 2B! Tusen takk for den fine gåva eg fekk fra dykk! 😊

Det har vore eit spennande år med mykje læring. Eg gler meg til fortsettelsen i 3.klasse. Før den tid skal elevane ha ein avslappande sommerferie med mykje leik og kos. Det kan likevel vere lurt å halde vedlike noko av det faglege vi har lært dette året. Det gjer oss meir rustet til tredje klasse. Her kjem litt tips til korleis de kan hjelpe borna til å forberede seg til tredje klasse:

- Delta på Sommerles! 😊
- Les høgt for borna
- La borna lese mykje sjølv
- Høre på gode lydbøker
- Skriv brev og postkort eller øve på å skrive i Word.
- Bruk praktisk matte (la borna betale for varene i butikken, snakk om pengar og verdien av dei, ta del i matlaging, måle opp ingrediensene o.l.)
- Snakk engelsk saman, lytt til engelske lydbøker eller sjå film på engelsk.
- Spille spel saman
- Jobbe med kjekke oppgåver på nett:
- [Bli en regnemester \(matematikk.org\)](https://matematikk.org)
- [Pokémath \(pokemath.online\)](https://pokemath.online)
- [Link 2 \(fagbokforlaget.no\)](https://fagbokforlaget.no) (Engelsk oppgåver)
- Gjøre ferdig sider i norsk- og mattebøkene som har blitt sendt med heim.

Og det aller viktigaste: Kos dere masse!!! 😊

Sjå baksida for info om siste skuleveke!

## Veke 25: Siste skuleveke før ferien

**Måndag:** Vanleg skuledag

**Tysdag:** Vanleg skuledag

**Onsdag:** Aktivitetsdag på skulen

**Torsdag:**

- Vasking og rydding i klasserom
- Gla'time med 1. og 2.trinn
- Elevane må tømme plassen for klede på gangen

**Fredag:** Avslutning i klassen

- Ha-med-leikedag
- Vanleg matpakke. Ta med brus og godteri 😊



GOD SOMMAR! Stor klem fra Anniken 😊